



Referat SYRIL Årsmøte 27.02.2018 kl. 19.00 i Saften

Frammøtte: Per Hauge, Karl Erik Johnsen, Eva Fosshagen, Arild Bjørk, Anita Instefjord, Eivind Brendehaug, Magna Vangsnes, Ingunn Nyhammer, Svein Røysum, Bjørn Harald Røyseth, Kristian Kleiven og Nils Magne Slinde (til saman 12 personar).

Sak 1. Opning.

Leiar i laget, Per Hauge, ynskte dei frammøtte velkomne til årsmøte i Syril for 2017.

Sak 2. Godkjenning av innkalling og sakliste.

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Sak 3. Val av ordstyrar og referent

Ordstyrar: Per Hauge

Referent: Nils Magne Slinde

Sak 4. Val av to medlemar til å skrive under protokoll

Karl Erik Johnsen og Magna Vangsnes skriv under årsmøteprotokollen.

Sak 5. Godkjenning av årsmelding og rekneskap.

Leiar Per Hauge gjekk gjennom årsmelding for hovudstyret. Følgjande grupper hadde levert årsmelding og desse vart lest opp: Handball, fotball, trimgruppa, barneidretten, friidrett, volleyball og ski. Innebandy og telemark hadde ikkje levert årsmelding. Årsmeldinga vart godkjend med følgjande merknadar:

- Fotballgruppa: Det skal stå Jan Arild Rømmen i staden for Jan Arild Andersen på side 6.
- Skigruppa: Hadde Klepparenn 17. desember med 30 deltakarar i tillegg til renn 11. februar. Erlend Henjesand tok bronse i NM junior 18 år (ikkje NC).

Rekneskapen vart godkjend slik det låg føre, med eit overskot på kr. 142 826,02. Resultatet skulle vore korrigert for ekstraordinære inntekter til anlegg med kr. 333 000 som vart feilført i 2016 slik at overskotet er eigentleg kr. 475 826,02. Rekneskapet er revidert av laget sine valde revisorar Tony Borlaug og Liv Janne Steig med merknad slik det går fram av nest siste sida i årsmeldinga.

Merknadar:

- For å gje betre oversikt er det ønskeleg å vise vedteke budsjett for den einskilde gruppe saman med resultat pr. avdeling i note 2.

- Kjøp av 3-ar-bane for fotballgruppa vil bli fakturert i 2018 og er hovudgrunn for gruppa sitt overskot.
- Individuell krinskongent for 2017 har ikkje blitt belasta skigruppa i 2017 og er grunnen til skigruppa sitt overskot.
- Årsmøte oppmodar gruppene om å halde god oversikt over kontantsalet sitt.

Sak 6. Medlemskongent 2019

Det vart vedteke å halde medlemskongenten uendra. Det betyr kr. 500 for familiemedlemsskap, 350 for einskildmedlemar og 250 for barn under 17 år. Som familie reknar vi alle heimebuande på same adresse inkludert studentar som bur periodevis vekke.

Sak 7. Framlegg til budsjett

Leiar gjekk gjennom arbeidsutvalet sitt framlegg til budsjett. Budsjettet vart vedteke som framlagt med eit underskot kr. 359 000 som inkluderer kr.1 000 000 til oppdatering av anlegg / utstyr.

BUDSJETT FOR SYRIL 2018

GRUPPE	DRIFTSINNTEKTER	DRIFTSUTGIFTER	RESULTAT
01 Fotball	565 000	615 000	-50 000
02 Håndball	300 000	300 000	0
03 Ski / kiosk hytta	75 000	75 000	0
04 Symjegruppa	5 000	5 000	0
05 Friidrett	12 000	12 000	0
06 Trim	15 000	14 000	1 000
07 Styret	550 000	500 000	50 000
08 Skihytta	30 000	50 000	-20 000
09 Kjeringi open	450 000	400 000	50 000
10 Barnegruppa	20 000	10 000	10 000
11 Klatregruppa	5 000	5 000	0
12 Volleyball	10 000	10 000	0
13 Innebandy	10 000	10 000	0
Oppdatering/anlegg-utstyr	600 000	1 000 000	-400 000
TOTALT SYRIL	2 647 000	3 006 000	-359 000

Individuell krinskongent for skigruppa for 2017 på om lag kr. 40 000, skal dekkast av Styret.

Elles diskuterte vi ny trakkemaskin på Kleppa. Styret får fullmakt til å kjøpe trakkemaskin i 2018.

Budsjettet vart vedteke.

Sak 8. Val

Leiar i valnemnda Kristian Kleiven la fram forslag til nye styremedlemmar slik det går fram av lista nedanfor. Valet vart gjennomført ved akklamasjon. Valnemnda har ikkje lukkast med å finne nokon til funksjonen som kasserar. Resultatet av valet vart slik:

Arbeidsutvalet

Leiar	Per Hauge	Attval
Nestleiar	Karl Erik Johnsen	Attval
Kasserar		Manglar
Sekretær/styremedl.	Nils Magne Slinde	Attval

Friidrettsgruppa

Leiar	Hilde Ruud	Ny
Nestleiar	Marit Anita Skrede	Attval

Handballgruppa

Leiar	Eva Fosshagen	Attval
Nestleiar	Ingeborg Fredheim	Attval

Skigruppa

Leiar	Eivind Brendehaug	Attval
Nestleiar		

Trim- og merkegruppa

Leiar	Aril Bjørk	Attval
Nestleiar	Torill Felde	Attval

Barnegruppa

Leiar	Borgtor Bøyum	Ny
Nestleiar		

Leikanger Idrettsråd

Leiar	Per Hauge	Attval
Nestleiar	Karl Erik Johnsen	Attval

Symjegruppa Sidan det ikkje er aktivitet i gruppa, vart det ikkje vald leiar og nestleiar.

Volleyballgruppa

Leiar	Tone Oppedal	Attval
Nestleiar		

Innebandy

Leiar	Torbjørn Stølen	Attval
Nestleiar	Jon Amundsen	Attval

Fotballgruppa

Leiar	Magna Vangsnes	Attval
Nestleiar	Kjetil Berg	Attval

Klatregruppa Sidan det ikkje er aktivitet i gruppa, vart det ikkje vald leiar og nestleiar.

Revisor

Liv Janne Steig		Attval
Tony Borlaug		Attval

Hyttestyre Skihytta

Leiar	Gro Selås	Ny
Nestleiar	Susanne Svardal	Ny
	Lorraine Thompsen	Ny

Styringsgruppa Kjeringi Open

Medlem	Roar Vangsnes	Attval
Medlem	Karl Erik Johnsen	Attval

Valnemnd

Ingunn Nyhammer (leiar), Anita Instefjord, Marit Silje Husabø, Karina Nerland.

Styret må arbeide vidare med å skaffe kasserar og vurdere om Vekstra Fredheim kan ta ein større del av kasserarjobben.

Sak 9. Innkomne saker/diverse

Det var ingen innkomne saker.

Sak 10. Orientering til årsmøte frå ordførar Jon Håkon Odd

På kort varsel stilte ordførar Jon Håkon Odd opp og gav ei orientering til årsmøtet. Han var beden om å orientere om kommunesamanslåinga frå 1.1.2010, men var også innom ein del andre tema. Orienteringa var innom følgjande punkt:

- Fellesnemnd for utvikling av idrettsanlegg i Leikanger
- SYRIL som den mest aktive og viktige samfunnsaktøren i Leikanger
- Bytte av nytt golv / dekke i ungdomsskulen innan 26. april (merka og malt multisportsdekke)
- Det er sett av 16 mill. kr til C-fløyen på ungdomsskulen i tillegg

- Det er sett av 7 mill. kr til Leikangerhallen inkl. bibliotek, ungdomsklubb mm.
- «Bu heime til hundre» - prosjekt for å aktivisere dei eldre
- SYRIL vil bli prioritert i kommunen sitt budsjett for 2019
- Kommunen vil ha hjelp i sitt arbeid mot mobbing og til å gje tilbod til låginntektsfamiliar som er eit aukande problem (samla inntekt < 450 000). Treng også hjelp til innsamling av utstyr.

Når det gjeld kommunesamanslåing var Jon Håkon innom følgjande punkt:

- Det blir eit felles idrettsråd i den nye kommunen der SYRIL blir nest største idrettslag og må såleis vere aktive «og ta sin plass»
- Det vert eit felles kulturråd
- Det vil ta tid før organisering av den nye kommunen er på plass
- Eksisterande avtalar mellom kommunen og idrettslaget må dokumenterast inkludert leigeavtalar på Kleppa
- Investeringar på Kleppa må sikrast
- P-plass på Kleppa er usikker
- Fjellbruksplanen er ikkje starta opp
- Motorsportsanlegg på Kleppa er til diskusjon i kommunen
- Idrettsanlegg ved barneskulen inkl. friidrettsanlegg og ballbinge må avklarast gjennom arbeidet til fellesnemnda mellom idrettslaget og kommunen

Leikanger 5. mars 2018



Karl Erik Johnsen



Magna Vangsnes

